



Til Nærings- og fiskeridepartementet

Stord, 20. oktober 2016

Innspel til industrimeldinga frå NCE Maritime CleanTech

Nærmare 100 000 menneske arbeider i maritim næring i Noreg i dag og det blir skapt verdiar for over 150 milliardar kroner årleg. Den maritime leverandørindustrien har òg ei sentral rolle i det grønne skiftet. Gjennom fleire banebrytande innovasjonsprosjekt, som for eksempel batteriferja MS Ampere, er dette synleggjort. Samtidig står leverandørindustrien overfor viktige teknologiskift som krev ny kompetanse og nye arbeids- og innovasjonsmetodar.

Det er gledeleg at regjeringa har føreslått å etablera ei norsk katapult-ordning for teknologi- og innovasjonssenter. Me er opptatt av at det må finnast gode testfasilitetar for industri- og forskingssamarbeid, og ikkje minst at små og mellomstore bedrifter får moglegheiter til å utvikla produkt og prosessar på slike lokalitetar.

Det er naturleg at den maritime leverandørindustrien får ei sentral rolle i den norske industrimeldinga, og som ein del av katapult-satsinga må det etablerast eit (eller fleire) industrinært maritimt test- og innovasjonssenter. Skal den maritime klynga framleis vera verdslaiande må innovasjonsfarten aukast og nye teknologiar må raskare kunna testast, simulera og visualisera i industrielle testsenter.

Etableringa av slik fysisk infrastruktur er kostnadskrevjande, og fordi bedriftene gjerne berre har behov for testing i avgrensa periodar er det få aktørar som kan etablera slike anlegg på eiga hand. Store norske industribedrifter er samtidig avhengie av at mindre leverandørar og samarbeidspartnarar held seg i front teknologisk, og at dei også har tilgang til denne type testinfrastruktur.

Det finst fleire laboratorium i Noreg for funksjonstesting, simulering og visualisering. Men det er få anlegg som er innretta mot utvikling av fornybar energi i skipsfarten.

I NCE Maritime CleanTech har me identifisert næringsbehov for å testa meir komplekse løysingar på grunn av nye krav til funksjonalitet og kvalitet. Skal Noreg følgja opp utviklinga innan for eksempel digitalisering og automatisering er det heilt nødvendig med fleire testsenter kor slik teknologi kan utviklast for seinare kommersialisering.

Norsk maritim miljøteknologi som eksport

Auka bruk av meir miljøvenleg kollektiv- og godstransport til sjøs vil avlasta vegnettet og redusera utslepp, og ein unngår kostbar og lite klimavenleg infrastrukturutbygging på land. Dette er viktig også sett i ein næringspolitisk dimensjon, og kan fremja eksport av maritim miljøteknologi ved å bruka norske transportruter til sjøs som demonstrasjonsarena og utstillingsvindaue.

Det offentlege har her ei viktig rolle i å delta i pilotprosjekt i samarbeid med industrien. F.eks. fylkeskommunar når det gjeld fartøyskonsept med ny miljøteknologi, for å sikra at

fartøyet etter pilotperioden kan inngå i ordinære samband. Leverandørindustrien manglar ofte private kundar som er villige til å ta risiko i pilotprosjekt.


Norsk leverandørindustri er konkurransedyktig på miljøteknologi, og strengare miljøkrav vil også vera god industripolitikk både på kort og lengre sikt. Her må Noreg vera ein pådrivar i ulike internasjonale fora.

Tre sentrale tiltak for norsk maritim industri

Me vil særleg peika på tre sentrale tiltak som er viktige å prioritera i den grønne omstillinga av norsk maritim industri:

- Det trengst ei strategisk offentleg satsing på støtte til industrinær og desentralisert infrastruktur for forskning og innovasjon. Dette trengst for å oppretthalda den verdsleiane posisjonen til norsk maritim leverandørindustri. Etablering av programmet Katapult kan bidra til dette
- Næringsretta forskning må stimulerast og forskingsresultata må kommersialiserast og utnyttast industrielt
- Samarbeid mellom offentlege, private og FoU-aktørar om norske maritime pilotprosjekt kan gi nye norske eksporteventyr. Det offentlege har ei viktig rolle som kunde og partner i denne type innovasjonsprosjekt

Med venleg helsing



Hege Økland
Dagleg leiar
NCE Maritime CleanTech